



Vatnasetevatnet, ved almenningsvegen mellom Granvin og Ulvik. Kva tid Prestaskyssen over fjellet starta veit me ikkje. Men frå tidleg 1700-talet er det dokumentert. I ca 1850 vart vegen utbetra til kjerreveg for hest. Foto: Anne Lorentzen.

## ALMENNINGSVEGEN OG ANGERSKLEIV ca 430-500 moh

**Ein veg har alltid si historie.** I dette høve var vel starten som normalen: Eit trakk eller sti til utslåtter, stølen eller grannen. Ulvik og Granvin hadde her stølar nær heradsgrensa. Naturleg å forlenga stølsvegen frå begge sider for å få vegsamband mellom 2 bygder. Alderen på vegen veit ingen. I den kjende historien ser me at i ca 1850 vart vegen utbetra til kjerreveg for hest.

I den tid var turismen godt i gang. Ei stolkje var transportmiddelet. Gamle skyssprotokollar fortel at det, for køyre-karen, ikkje var noko populær rute. Dei krov ekstra betaling pga bratte og utfordrande kleivar.

Frå 1850 til vegen over Espeland kom i 1901 var det likevel ein god del turisttrafikk over fjellet. På stølane langs ruta var det servering av stølskost. I tillegg ogso ølservering både på Ulvik og Granvin-sida. Granvin vart eige herad i 1881. Første sak på første formannskapsmøte i det nye Heradet var: Søknad frå Hans Haugse om løyve til å selja heimbryggja øl på Vatnasete. Søknaden vart samrøystes innvilga. På Vatnasete var det ogso opplegg for overnatting.

**Vedlikehaldet av vegen var fordelt på alle bøndene i Ulvik og Granvin.** Kvar gard hadde sitt stykke, ein Rode, merka i begge endar med til vanleg eit trekors med namn. Ein Engelsk turist skildra i ettertid turen over fjellet slik: «Ein forunderleg skikk i Norge, dei begrov sine døde langs vegen.»



Grensestein mellom Granvin og Ulvik.  
Foto: Anne Lorentzen.

Kva tid **Prestaskyssen** over fjellet starta veit me ikkje. Men frå tidleg 1700-talet er det dokumentert. Det var her som for vegvedlikehaldet, ansvaret for å skyssa presten over fjellet vart fordelt på bøndene i Ulvik og Granvin. Dette gjekk på omgang. Skyss-skifte på Angerskleiv. Ulvik-bonden på austsida, Granvin-bonden på vestsida.

Denne vegen var berre sumarveg, vintervegen gjekk om Espeland. Ogso Prestaskyssen gjekk her i den perioden. Soga fortel om fleire dramatiske episodar med Prestaskyssen. Presten måtte fram – uansett ver og føre!

**I dag ligg vegen her som eit kulturminne.** Dei mange stadnamn langs vegen fortel ogso si historie, om personar, hendingar, landskap osv. Tidene endrar seg, bruken endrar seg. Frå nødvendig bruk knytt til næring og levebrød. Til i dag knytt til rekreasjon og påfyll av overskot til å møte ein hektisk kvardag som i liten grad går på det å sikra det daglege brød. Stopp gjerne opp, reflekter i takksemd over dei som la grunnlaget for vår velstand.

Olav S. Haugse.

**GOD TUR!** Granvin turlag.